

MØTEBOK FOR VESTRE SLIDRE FJELLSTYRE

Sak nr: 1/2003

Møtedato: 5.2.03

Arkiv nr: 132

SØKNAD OM TILSKOT – STØLSVEGEN VASET-MURKELIE

Stølsvegen søker om kr 85.700 i tilskot til opprusting av stølsvegen. Kostnadane til anlegg er rekna til kr 118.000 pluss mva, totalt kr 146.320. I søknaden er det rekna med pigging for grøfter i parsell 3 og det er inkludert skarping/kloring for alle 3 parsellar.

Vegen er planlagt av landbruksavdelinga i fylket og planleggar Lundberg skriv i rapport dater 20.9.02 at vegen ikkje er i dårleg forfatning, men når ikkje opp nokon vegklasse etter LD sine retningsliner. Det er lange strekningar med dårleg grunn som fører til at vegen søkk saman og glir ut. Drenering er for dårleg og stikkrenner er jamt over for liten dimensjon. For dårleg overdekning må ta skulda for at fleire renner av nyare dato held på å klappe saman. Det er også problem med stikkrenner ved avkjøringar til stølar og hytter. Kostnadane med ombygging av heile vegen er rekna til kr 444.800, men det er berre det dårlegaste som skal utbetrast no. Kostnadane for dei 3 omsøkte parsellane reknar Lundberg til kr 140.000 – 150.000 pluss mva.

Stølsvegen har i utgangspunktet ikkje sterk økonomi. Inntekter har lege på ca kr 13.000. Ved samarbeid med stølsvegen Neste-Buaråne og styrka billettkontroll, har inntektene i 2002 auka til kr 23.000. Stølsvegen har ein eigekapital på kr 36.620.

Fjellstyret har normalt gjeve tilskot på 50 % av kostnadsoverslaget utan mva, men har i særlege tilfelle gjeve tilskot på inntil 75 %.

VEDTAK:

Fjellstyret gir eit tilskot på kr 75.000 til anleggsarbeidet. Vilkåret for utbetaling av tilskotet er at er anlegget er gjennomført i samsvar med plan frå landbruksavdelinga i fylket

Vedtaket er einstemmig .

Vestre Slidre fjellstyre den 6.2.03

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Stølsvegen Vaset-Murkelie v/Oddvar Ola Thon, 2900 Fagernes